

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 30.9.2016
Stad: Ål kommune, Ål kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke, Hol kommune
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Tore Haraldset, Nes kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar (før lunsj)

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt (sak 52, 53, 55)
Iselin Haugo, fylkeskontakt (sak 52, 53, 55)
Sigurd Fjøse, regionkontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

Lars Ole Skogen, Hol kommune
Tone Tveito Eidnes, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune (Sak 52, 53, 55)
Ole Johnny Stavn, Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen, Nes kommune
Odd Egil Stavn, Flå kommune (Sak 52, 53, 55)

SAK 52/16 MØTE MED NSB

Marianne Broholm Einarsen konserndirektør for reiseliv i NSB og Henning Lirhus, salgs- og marknadsansvarleg for Bergensbanen orienterte om:

- Status, potensiale og utfordringar Bergensbanen, vedlagt presentasjon status
- Reiselivsstrategi til NSB, som kan oppsummerast slik:
«Reiseliv skal ta en ledende markedsposisjon innen salg av fjord-, fjell-, og kulturopplevelser - både til norske og internasjonale kunder»
- Omorganisering av norsk jernbane:
 - o Konkurranseutsetjing av jernbanestrekningar er eit hovudgrep.
 - o Det er oppretta eit Jernbanedirektorat og eit Jernbaneinfrastrukturforetak som skal erstatte dagens Jernbaneverk (formelt frå 1.1.2017)
 - o Det blir eit heilskapleg billetteringssystem, medan NSB blir eit reint transportselskap.

Det vart drøfta korleis Hallingdal kan vera en aktiv part i samband med utvikling av Bergensbanen og i forhold til reiselivsstrategien til NSB, utan at det vart gjort konkrete vedtak.

SAK 53/16 ORIENTERING FRÅ FORUM FOR REISELIVSSELKAPA I HALLINGDAL

Pål K. Medhus, turistsjef Vist Geilo orienterte på vegne av Bransjeforum for reiseliv i Hallingdal (nyetablert) om status, utfordringar og forslag til nokre lokale løysingar, vedlagt presentasjon.

Bransjeforum for Reiseliv Hallingdal er etablert og det er ynskjeleg med tettare dialog med lokale og regionale politikarar, tettare band med Buskerud fylkeskommune og godt statistikkgrunnlag og fakta om reislivet i Hallingdal.

I arbeidet til Bransjeforum for reiseliv i Hallingdal vil reislivet bli utfordra på å spisse bodskapet og det vil bli utarbeida strategiar med handlingsplanar, med krav til bærekraftig utvikling. Det er ynskjeleg å få på plass ei ringverknadsanalyse for Hallingdal, noko tilsvarende det som vart gjort av **TØI** i 2012.

Vedtak

Dagleg leiar lagar sak til neste regionrådsmøte om utarbeiding av ringverknadsanalyse for reislivet i Hallingdal.

SAK 54/16 HALLINGDAL SJUKESTUGU, ORIENTERING, SYNFARING

Administrasjonssjef Ingeborg Rinnaas ved Hallingdal sjukestugu og Per Bleikelia direktør Ringerike sykehus, orienterte om nybygg ved Hallingdal sjukestugu.

SAK 55/16 UTALE, FYLKESMANNEN SIN FRAMTIDIGE STRUKTUR

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal meiner fylkesmannen sin framtidige struktur må følgje dei nye regionane.

SAK 56/16 INNSPEL PÅ TILTAK TIL HANDLINGSPROGRAM FOR FYLKESVEGAR OG KOLLEKTIVTRANSPORT 2018 – 2021

Innspel på konkrete prioriterte infrastrukturtiltak blir sendt inn for den einskilde kommune i Hallingdal.

Innspel på tiltak

1. Regionrådet for Hallingdal er skeptisk til at målet om at vedlikehaldsforfallet skal takast att i løpet av 16 år, blir skyvd ut i tid. Prioritering av gang/sykkelvegar må ikkje føre til redusert vedlikehald på fylkesvegane og utgangspunktet må vera at forfallet ikkje skal auke på nokon vegar.
2. Rapport om trygge skulevegar syner at det er behov for mange mindre tiltak i alle kommunane, for å få trygge skulevegar til barne- og ungdomsskuler i fylket.
Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at det blir sett av tilstrekkelege midlar slik at desse tiltaka blir gjennomført snarast råd.
3. Store delar av Buskerud er tunt befolka, og her vil privatbilen måtte stå for store delar av transporten også i framtida. Likevel bør ikkje dette vera ei sovepute for å unngå tilrettelegging for eit best mogleg kollektivtilbod også i distrikta.
Buskerud fylkeskommune og kommunar må i samarbeid vurdere fleksible kollektivtransporttilbod i distrikta. Forsøk med bestillingstransport i forskjellige variantar tilpassa lokale behov bør koma inn som konkret tiltak i handlingsprogrammet.
4. For Hallingdal er det heilt avgjerande å sikre morgontilbodet med buss eller tog til Drammen og hovedstadsområdet. Utan eit slikt tilbod har ikkje Hallingdal eit reelt kollektivtilbod for dagsreiser. Det er og avgjerande å sjå lange reiser med buss i samanheng med togtilboden og ei god samordning med lokale busstilbod. Avgangar må i størst mogeleg grad samordnast mellom buss og tog slik at det totalt blir eit best mogeleg tilbod i forhold til transportbehov

gjennom døgnet. Det må og bli eit meir strømlinjeforma system enn det som er tilfelle i dag. Fokus er utvikling av knutepunkt der trafikkartane korresponderer. I tillegg må det arbeidast for ei forenkling og samordning av billettesystema.

5. Det er eit stort potensiale for meir brukarvennleg ruteopplysing både for enkeltstrekningar, og ikkje minst for overgangsmogelegeheiter. Dette gjeld både internettbaserte løysingar og anna opplysningsmateriell.
6. Bussrute Hønefoss – Gardermoen som korresponderer med tog på Bergensbanen har vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringa i Hallingdal. Dette er eit punkt som må vurderast nærmare i handlingsprogrammet.
7. Bergensbanen er av svært stor betyding for Hallingdal, både for innbyggjarane og for reiselivet. Det er viktig at togtilboden blir innretta slik at det også kan betene reiselivsmarknaden betre enn det som er tilfelle i dag.
8. I strateginotat er reiselivet og turisten i prinsippet ikkje noko tema. I ein «vanleg» tenking i forhold til utvikling av kollektivtilbod kan kanskje dette vera rett, men at denne problemstillinga blir oversett i eit fylke med Norges største reiselivregion er mildt sagt forunderleg. Hallingdal med 5 – 6 mill. gjestedøgn eller 1,6 mill. reiser (grovst stipulert), der kanskje 10 - 15% nyttar kollektivtilbod i dag, har ikkje vorre verdt å vurdere. At 2-3000 bilar kvar dag ikkje er interessant å vurdere inn i ein kollektivtrafikkplan er merkeleg. Sjølv om turisten ikkje er ei definert målgruppe i ein snever tankegang i forhold til ein kollektivtransportplan, vil denne målgruppa kunne vera med å gje eit meir omfattande kollektivtilbod. Denne problemstillinga blir ekstra merkeleg når det heller ikkje er teke omsyn til Buskerud fylkeskommune ein eigen plan, Regional delplan for reiselivet i Buskerud 2010 – 2016.
Argumenta for å gjera nærmare vurderingar i forhold til turisten som målgruppe i kollektivtransportplanen bør vera innlysande. Dette vil og styrke regionen sin konkurranseprofil. Regionrådet for Hallingdal ynskjer at det blir sett i gang eit arbeid for å vurdere korleis buss/togtilboden gjennom Hallingdal kan utviklast og samordnast på ein betre måte, med siktet på å få ein enklare, meir kundevennleg og robust struktur, også i forhold til reiselivsnæringa. I denne samanheng må det også lagast ein plan for utvikling av knutepunkt.
9. For Hallingdal er det i reiselivssamanheng svært viktig at rastepllassar er av god standard, noko som i grove trekk vil seie vesentleg betre enn i dag. Regionrådet for Hallingdal vil be om at Buskerud fylkeskommune i samarbeid med kommunane/regionrådet og reiselivsnæringa etablera eit eige prosjekt, for å vurdere opprusting og drift av rastepllassar i Hallingdal.

SAK 57/16 HALLTINGET OKTOBER 2016

Haustmøte til Halltinget blir på Geilo 27 - 28.oktober.

27.10: Lunsj kl. 11:00 og møtestart kl.13:00

Fyrste sak vil vera høyringsmøte i samband med nærpoltireforma i politidistrikt sør-øst, der politimeister Christine Fossen og lensmennene i Hallingdal er med.

Andre saker er m.a. budsjett, strategisk plan og byregionprogrammet.

SAK 58/16 AKTUELTT FRÅ ÅL KOMMUNE

Saka blir utsett til neste regionrådsmøte på Ål.

SAK 59/16 REGIONREFORMA, STATUS, FRAMDRIFT, INNSPEL (tilleggssak)

Buskerud fylkeskommune hadde ynskje om innspel frå Regionrådet, til forhandlingsutvalet i samband med regionreforma, vedlagt presentasjon.

Forhandlingsutvalet har sitt første reelle forhandlingsmøte 30.09.-01.10, og dei skal vera ferig med sitt arbeid 17.11. Det er planlagt endeleg vedtak i fylkestinget i desember 2016.

Regionrådet vart m.a. utfordra på følgjande spørsmål (sett frå Hallingdal sin ståstad):

- 1) *Hvilke utfordringer mener dere forhandlingsutvalget som er nedsatt bør ha fokus på / hva er viktig å få belyst ?*
- 2) *Hva er viktig for at en ny region skal bli en suksess ?*

Innspel til forhandlingsutvalet

- 1) Uansett løysing vil Hallingdal ligge i ein geografisk ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Det må takast omsyn til dei store forskjellar som vil kunne bli i ein ny region, der distrikta fort kan bli ein «parentes». Distrikta/fjellregionar representera store ressursar som utan tvil vil kunne bli styrka i ein ny region. For å få ein god start er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter som fjellregionane har, blir lyfta fram i dei komande prosessar.
- 2) Hallingdal ynskjer å vera ein offensiv bidragsytar
- 3) Ved lokalisering av nye statlege oppgåver til dei nye regionane ynskjer Hallingdal å vera ein aktuell lokaliseringsstad.
- 4) Det må takast omsyn til det dei regionane/kommunane som ligg i det distriktpolitiske verkeområde. Det er ynskjeleg med:
 - a. Partnarskapsavtale tilsvarande det som er mellom Buskerud fylkeskommune og regionane i Buskerud i dag.
 - b. Det må vera ei tydleg distriktssatsing
 - c. Det må vera dedikerte medarbeidarar med lokalkunnskap.
 - d. Det må vurdersat distriktskontor (distriktpolitisk virkeområde) som har kompetanse i forhold til:
 - i. Distriktpolitikk
 - ii. Reiseliv
 - iii. Fjellandbruk
- 5) Viktig med god politisk representasjon og geografisk spreiing av representantane

SAK 60/16 EVENTUELTT**Nærpolitireforma**

Solveig Vestenfor orienterte om at Ål kommune vil sende innspel vedrørande nærpolutireforma og forslag om tenesteeiningar.

Arbeidsinstitutt, ungdomslos

Heidi Granli tok opp spørsmål om framdrift arbeidsinstituttfunksjonar i Hallingdal der ho har stilt spørsmål til Buskerud fylkeskommune om framdrift, ref. sak 24/16.

Heidi Granli orienterte og om ungdomslosprosjektet som etter planen blir avslutta neste år.

Fylkeskommunen har vedteke at det skal vera «nærhetskoordinator» ved kvar av dei vidaregåande skulane. Målsettinga er at føremålet til ungdomslosprosjektet blir sikra framleis drift. Heidi Granli følgjer opp saka.

SAK 61/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Ål 30.9.2016

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Vedlegg

Sak 52-16, vedlegg 1, presentasjon ved Henning Lirhus

Sak 53-16, vedlegg 2, presentasjon ved Pål K. Medhus

Sak 59/16, vedlegg3, presentasjon ved Sigurd Fjøse



Status Bergensbanen



Dagens ruteplan

Høst og vinter

3 daglige avganger mellom Oslo og Bergen hver vei
Nattog alle netter unntatt natten mellom lørdag og søndag
Ekstra innsats tog Bergen-Ål fredager og Ål-Bergen søndager.

Sommer

3 daglige avganger mellom Oslo og Bergen hver vei
Nattog alle netter unntatt natten mellom lørdag og søndag
Turist og sykkeltog Oslo – Voss og Voss – Oslo
Eget lokalt sykkeltog Myrdal – Haugastøl og Haugastøl – Myrdal. 

Dette rutetilbudet videreføres også i 2017, med ett unntak:

Status reisetall regiontog Bergensbanen

År	Antall	Diff	Diff i %	Diff fra 2011
2011	1026000			
2012	1034000	8000	1 %	
2013	1019000	-15000	-1 %	
2014	1080000	61000	6 %	
2015	1136000	56000	5 %	110000 11 %

Pr august i 2016 har vi en vekst på 6,5 % fra året før.

Veksten kommer hovedsakelig fra ferie og fritids- og turisttrafikken.
Dette vises bl.a. ved at vi i mai-august i 2016 hadde en vekst på 9%

Status reisetall Flåmsbana

År	Antall	Diff	Diff i %	Diff fra 2011
2011	619000			
2012	636000	17000	3 %	
2013	718000	82000	13 %	
2014	704000	-14000	-2 %	
2015	781000	77000	11 %	162000 26 %

Pr august i 2016 har en der en vekst på hele 18 % fra året før.



Billettsalg langs Bergensbanen



Tre stasjoner på Bergensbanen blir selvbetjente

Fra 1. oktober 2016 betjener ikke lenger ansatte hos NSB billettsalgene på Voss, Finse og Geilo stasjon. I stedet henvises kundene til selvbetjente løsninger som billettautomater, nsb.no og NSBs billettapp.

- NSBs behov for betjente billettsalg har endret seg mye de senere årene ettersom de selvbetjente kanalene utvikler seg og endrer kjøpsmønsteret til kundene våre, sier Henning Lirhus, salgs- og markedsansvarlig for Bergensbanen. - Salg over skranke står i dag for en lav andel av det totale billettsalget, samtidig som de selvbetjente kanalene vokser raskt og får svært gode tilbakemeldinger fra kundene om at de er effektive og enkle i bruk, forteller Lirhus videre. Derfor innfører vi fra 1. oktober selvbetjente løsninger på Voss, Finse og Geilo.

Viktige knutepunkter

- Vi vet at det er stort engasjement rundt disse stasjonene og det er vi glade for – dette er viktige destinasjoner for å oppleve noe av det Vestlandet og det flotte fjellet har å by på, forteller Lirhus.
- Derfor understreker vi at stasjonene ikke legges ned selv om det er endringer i salg av billetter. Det er fremdeles mulig å kjøpe billetter til



1. oktober stenger de tre siste betjente billettsalgene langs Bergensbanen

Årsak:

- NSBs behov for betjente billettsalg har endret seg mye de senere årene ettersom de selvbetjente kanalene utvikler seg og endrer kjøpsmønsteret til kundene våre.
- Salg over skranke står i dag for en lav andel av det totale billettsalget, samtidig som de selvbetjente kanalene vokser raskt





Følgende billettsalg blir lagt ned i 2016

Dato	Stasjoner	Antall
01.10.2016	Voss, Finse og Geilo	3
01.09.2016	Sandnes, Bryne og Egersund	3
19.03.2016	Arna, Mosjøen, Mo i Rana og Bodø	4
01.02.2016	Drammen og Steinkjer	2
	Totalt	12

Fra 2. oktober vil NSB ha igjen billettsalg i Bergen, Oslo, Stavanger, Oslo lufthavn Gardermoen og Trondheim.

Dette er i tråd med NSB sin distribusjonsstrategi.





Jernbanesektoren og NSB
Person tog er i endring.

Som følge av dette blir det bl.a.
dannet et eget salgs- og
billetteringsselskap. Dette
selskapet har fått navnet

En tur

Det nye selskapet skal ikke ha
tjenester utover salg av billetter og
vil ikke få andre arbeidsoppgaver
knyttet til stasjonene.

Dette selskapet vil ligge under
Samferdselsdepartementet i
fremtiden.





Et viktig punkt i beslutningen og påfølgende diskusjoner er hvilke oppgaver det er riktig at NSB som togoperatør skal utføre.

NSB er en leverandør av persontransport og det ligger et viktig samfunnsoppdrag i å være en effektiv leverandør av disse tjenestene. Dette utfører vi i dag og vil fortsette å utføre i fremtiden. Toget endrer ikke sin stoppfrekvens som følge av at billettsalget opphører.





HALLINGDAL

Kva for utfordringer ser reiselivet der framme?





HALLINGDAL

Situasjonen

- Mindre overføringer fra virkemiddelapparatet
- Iveren etter å nøytralisere fremfor og spesialisere
- Internasjonal konkurranse
- Samferdsel
- Organisering
- Nye krav frå politikere, og det å følgje opp...



HALLINGDAL

Løysningen

- Bransjeforum for Reiseliv Hallingdal
- Dialog med lokale og regionale politikere
- Utfordre BFK på tettere band
- Tall, statistikk og fakta



HALLINGDAL

Bestillingen

- Få på plass TØI rapport for Hallingdal
- Utfordre reiselivet til å spisse budskapet
- Strategier MED handlingsplaner koordineres
- Sett krav til bærekraftig utvikling.



BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE

REGIONREFORMEN

STATUS OG VIDERE PROSESS

Presentasjon for kommuneregionene

Skaper resultater gjennom samhandling



Regeringen har bestemt

- › **St. Meld 22 – Nye folkevalgte regioner**
- › Tre folkevalgte nivåer
- › Et folkevalgt mellomnivå som spiller på lag med stat og kommuner
- › Større og mer funksjonelle regioner
- › Ca 10 regioner



Innspill fra kommuner/kommuneregioner på retningsvalg

19 innspill

Region	Antall
Akershus/Østfold	7
Vestfold / Telemark	1
Akershus	2
Vestfold, deler av Akershus	4
Andre alternativ *Region vest for Oslofjorden *Fjellregion *Akershus, Oslo, Vestfold	3
Peker ikke på retning/ikke legge føringer	2



FT-vedtak 31.08.

- › Buskerud ser behovet for en sterk region rundt Oslofjorden og fortsetter arbeidet med regionreformen med sikte på sammenslåing med Akershus, Østfold og Vestfold
- › Det valgte forhandlingsutvalget får fullmakt til å framforhandle en avtale med de nevnte fylkeskommuner
- › Fylkesutvalg og fylkesting holdes løpende orientert.
- › Dersom Buskerud kommer til enighet med ett eller flere av våre nabofylker, vedtas en sammenslåing i desember.
- › Fylkestinget i Buskerud ber om at valgordningene for Stortingsvalg vurderes grundig i en egen prosess



forhandlingsutvalget

- › Roger Ryberg – Olav Skinnes (vara)
- › Rune Kjølstad – Iselin Haugo (vara)
- › Hanne Lisa Matt – Anne Sandum (vara)



Prosessen videre

Forhandlingsmøter

- 30.09-01.10
- 07.10.
- 18.10.
- 02.11.
- 16.-17.11.

- › Vedtak i FT 14.-15.12
- › Fellesnemda forhandler
- › Sanner legger fram en Stortingsmelding til våren
- › Stortinget bestemmer
- › 01.01.20 Ny regioninndeling iverksettes



Innspill fra kommuneregionene

- › 1. Hva mener dere er det viktigste for politikerne i forhandlingsutvalget å fronte ?
- › 2. Hva mener dere er suksesskriterier for en ny region ?
- › 3. Hvordan vil dere ønske å bli involvert framover ?